



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Formannskapet	03.02.2022
007/22	Kommunestyret	10.02.2022

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/485 - 22/485	K2-L71, K3-&30	Tirill Evensen 95984628	25.01.2022

Prioritert rekkefølge for tiltakslista i Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune - forslag frå Bustadpolitisk utval

Saka gjeld:

Den politiske arbeidsgruppa «Bustadpolitisk utval» har satt opp eit forslag til prioritert rekkefølge for tiltaka i den bustadpolitiske handlingsplanen for Aurland kommune.

Tilråding frå rådmannen:

Forslaget til prioritert rekkefølge for tiltakslista i *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune* vert vedteke.

Saksframlegg

Bustadpolitisk utval blei etablert gjennom vedtak i Kommunestyret i møte 27.05.21, sak 040/21. Føremålet med etableringa var at dei skulle arbeide med oppfølging av bustadpolitisk handlingsplan og verkemiddelbruk i bustadpolitikken, i samband med utarbeidinga av ny kommuneplan. Utvalet blei valt for «perioden 2021 eller til kommunestyret legg ned utvalet». Utvalet har ikkje vedtaksmynde og ikkje innstillingsrett.

Det har vore eit sentralt føremål for utvalet å sette opp ei prioritert rekkefølge for tiltaka oppført i *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune*. I møte 14.10.21 gjekk utvalet igjennom tiltakslista og sette opp eit forslag til korleis tiltaka kan prioriterast – sjå vedlegg. Tiltaka vart gruppert i ulike prioriteringsgrupper. Det er ikkje gjort endringar i sjølve innhaldet i tiltaka, slik at formuleringa av kvart tiltak er lik den formuleringa som var utarbeida til handlingsplanen. *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune* ligg tilgjengeleg [her](#).

Den fyrste prioriteringsgruppa omfattar tiltak som allereie er igangsett og/eller vert jobba med jamt og kontinuerleg. Dei resterande tiltaka er delt inn i tre grupper med ulik prioritet. Alle tiltaka er gjeve ein ID i form av ei nummerering. ID-nummeret må ikkje forvekslast med prioritert rekkefølge. Alle tiltaka innanfor ei prioriteringsgruppe har lik prioritet. Eitt av tiltaka er ikkje plassert i nokon prioriteringsgruppe, fordi prioritering av dette tiltaket er tema for ei større politisk diskusjon og må avklarast i Kommunestyret.

Vurdering

Det vurderast at prioriteringa av tiltaka er gjort på ei hensiktsmessig måte. Inndeling i ulike prioriteringsgrupper gjer at administrasjonen enkelt kan orientere seg i kva tiltak som bør startast opp fyrst. Innanfor ei prioriteringsgruppe kan administrasjonen sjølv velje å sette i gang med dei tiltaka ein har mest tilgjengelege ressursar for å starte med. Det er ikkje satt nokon tidsfrist for dei ulike tiltaka, men det ligg føre ei forventning om at tiltaka vert jobba med kontinuerleg, i prioritert rekkefølge.

Rådmannen er positiv til at det er utarbeida eit slikt styringsdokument for oppfølging av *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune*.

Uprenta vedlegg til saka:

03.02.2022 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå David Underdal, Sp:

Flytte punkt med ID 19 (utgreiing kring null-konsesjon) inn i prioriteringsgruppe 1.

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå rådmann: samrøystes

Framlegg frå David Underdal: Tre røyster for (Sp 3) og to røyster mot (Ap 1, H 1)

FS-007/22 Vedtak:

Forslaget til prioritert rekkefølge for tiltakslista i *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune* vert vedteke.

Flytte punkt med ID 19 (utgreiing kring null-konsesjon) inn i prioriteringsgruppe 1.

10.02.2022 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg frå Jonas Ure Hylland, H:

Punktet om utgreiing av nullkonsesjon blir strøken frå prioriteringslista.

Endringsframlegg frå Per Are Flåm, Ap:

ID 10: "Smibakke vert vurdert som eit forsøksområde for minihus" vert flytta frå gruppe 2 til 3.

ID 16: "Vurdere høgare utnyttngsgrad ved bustadbygging" vert flytta frå gruppe 3 til gruppe 1.

Handsaming i møte:**Røysting:**

Det vart først røysta alternativ mllom framlegg frå Jonas Ure Hylland og siste punktet i tilråding frå Formannskapet.

Framlegg frå Jonas Ure Hylland fekk 7 røyster for (Ap 4, H 3) og 10 røyster mot (Sp 8, MDG 2).

Siste punktet i tilråding frå Formannskapet fekk 10 røyster for (Sp 8, MDG 2) og 7 røyster mot (Ap 4, H 3) .

Det vart røysta enkeltvis over endringsframlegg frå Per Are Flåm:

Punkt 1 fekk 7 røyster for (Sp 2, Ap 4, H 1) og 10 røyster mot (Sp 6, MDG 2, H 2)

Punkt 2: samrøystes

Til slutt vart det røysta over framlegg frå Formannskapet: samrøystes

KS-007/22 Vedtak:

Forslaget til prioritert rekkefølge for tiltakslista i *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune* vert vedteke.

Flytte punkt med ID 19 (utgreiing kring null-konsesjon) inn i prioriteringsgruppe 1.

ID 16: "Vurdere høgare utnyttngsgrad ved bustadbygging" vert flytta frå gruppe 3 til gruppe 1.

Samrøystes

Vedlegg:

Prioritert rekkefølge for tiltakslista i *Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune* - forslag frå bustadpolitisk utval